Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
07.05.2025	2025/4668
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møteprotokoll villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell 23-24. april 2025

Det vart halde vårmøte/kvotemøte i Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinnemnd på Fausko Gjestegard i Hemsedal. Møtedag var onsdag 23, april og torsdag 24. april (lunsj til lunsj).

Frammøtte frå nemnda:
Trygve Skjerdal (Aurland), Per-Are Halstensgård (Ulvik), Geir Helge Østerbø (Høyanger), Håvard Engeset, varamedlem (Modalen), Morten Farestveit (Vaksdal), Turid Haga Vange (Vik), Morten Samskott (Voss), Sigmund Tveitehagen (Ål) og Olav Ødegård, varamedlem (Lærdal).

Forfall: Ane Guro Moen-Aamot (Hemsedal) og Ragnhild Nestegard Tormodsgard (Hol).

Frå villreinutvala møtte Sigurd Vikesland (leiar) Nordfjella villreinutval.

Frå sekretariatet/Statsforvaltaren: Hermund Mjelstad (sekretær) og Eline Orheim (seksjonsleiar).

Sakliste

01/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
Driftsplan med bestandsplan for Nordfjella og bestandsplan for Fjellheimen, inkludert forslag til fellingskvotar vart ettersendt. Forslag til fellingskvote for Raudafjell vart framlagt i møtet. Det kom i ettertid inn nokre punkt til sak 4/25 (orienteringssaker).

Med desse tilføyingane vart sak 01/25 godkjent.

02/25 Val av møteleiar.
Leiar Trygve Skjerdal vald som møteleiar.

E-postadresse: sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding: www.statsforvaltaren.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Villreinnemnda leiar: Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen 114, 5745 Aurland, Tlf. 97526883, E-post: trygve.skjerdal@privat.alb.no
Sakshandsamar: Hermund Mjelstad, Tlf. 57643124, fmsfhm@statsforvalteren.no

03/25 Økonomirapport 2024 og budsjett 2025.
Nemnda tek økonomirapport 2024 og budsjett 2025 til etterretning.

04/25 Orienteringssaker
Leiar orienterte om tre aktuelle saker som har vore diskutert i det siste.
Fjellheimen villreinområde og prosjektet Kambabekken (Statkraft) i Vik kommune. Her har nemnda gjeve ein klar uttale om korleis vi meiner det må takast omsyn til at det er villrein i området, og at det er tidspunkt som er viktig for kalvinga. NVE har gjeve løyve til oppstart som er tidlegare enn det som var føresett, grunna snøtilhøve som gjorde at entreprenør såg det som tenleg å starte opp. Vi bør i slike uttaler vere tydelege og konkrete, og vere konkret i høve til kven som bør kontaktast for nærare opplysningar. Det kan til dømes vere Statens naturoppsyn, utvalsmedlemer og nemndsmedlemer, og ikkje nytte formuleringa «lokale kjentfolk». Leiar viste og til praksisen i Nordfjella der rutinane for kontakt mellom prosjektansvarleg og villreinforvaltninga er betre og der det er etablerte møtepunkt for diskusjon av aktuelle tiltak i villreinområdet. Nemnda bør prøve å få til noko liknande i Fjellheimen og ta initiativ til kontakt med Statkraft/Statnett og NVE for eit «samrådingsmøte».

DNT og kvisting av løyper Geiteryggen. Her har det vore dialog mellom DNT, SNO og utvalet. Kvisting av løype mot Geiteryggen, frå Raggsteindalen, vart fråråd av utvalet etter opplysningar om villrein i området. Kvistinga vart likevel gjennomført, etter kontakt med SNO. Det er usikkert korleis dette verka på reinen, men GPS-merka dyr viste i alle fall at dyra trekte vekk frå området. Det var i tillegg gjennomført køyring med tråkkemaskin frå Vierbotn og inn til Geiterygghytta, etter anleggsvegen som går der. Om vinteren er dette å rekne som utmark og er i utgangspunktet ulovleg. GPS merkinga viser at reinen i vinter har brukt områda vest for, og ganske nært Geiterygghytta uvanleg mykje.

CWD og oppretting av prosjektgruppe. I pressemeldinga frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet 26. mars 2025 vart det sagt at ei prosjektgruppe skal opprettast for å planlegge korleis vi skal få villreinen tilbake i Nordfjella sone 1. Gruppa skal levere sine vurderingar i november 2025. Villreinnemnda har ikkje høyrd noko etter dette, og vi vil derfor ta eit initiativ til korleis gruppa bør vere samansett. Eit felles brev mellom nemnd og utval er sendt til departementet der vi foreslår to medlemer frå nemnda, to medlemer frå utvalet og to medlemer frå kommunane, i tillegg til reetableringskoordinatoren.

Anna orientering. Nestleiar Morten Samskott får fullmakt til å representere villreinnemnda med stemmerett på Villreinrådet sitt møte. Frå nemnda deltek Morten Samskott, Sigmund Tveitehagen og Morten Farestveit.

Sekretær opplyste om kontakten med Norsk Villreinsenter Sør om eit mogleg informasjonsopplegg til bruk i kommunane (kommunestyra m.v). Vi vil prøve å få dette til på haustmøtet 21. oktober.

05/25 Møteplan 2025/2026
Haustmøte 21. oktober på Voss, kl.10.00.
Vårmøte 23. april i Lærdal, kl.10.00.

06/25 Forslag til fellingskvote for Raudafjell villreinområde.

Forslaget vart framlagt i møtet av ny leiar for villreinutvalet i Raudafjell, Morten Samskott. Det blir søkt om fellingsløyve på 10 dyr.

Vedtak:

Med heimel i hjorteviltforskifta § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 10 dyr til Raudafjell villreinområde for jaktåret 2025. Kvoten blir tildelt som frie dyr.

07/25 Godkjenning av bestandsplan og forslag til fellingskvote for Fjellheimen villreinområde.

Bestandsplan og forslag til kvote vart ettersendt. Villreinutvalet for Fjellheimen foreslår ein kvote på 60 dyr.
Villreinnemnda oppmodar villreinområdet om gode samjaktavtaler for å oppnå eit godt fellingsresultat. Nemnda ønskjer å bli invitert til årsmøte i utvalet.

Vedtak:

Villreinnemnda godkjenner bestandsplanen for Fjellheimen villreinområde, jf. hjorteviltforskrifta § 27.
Med heimel i hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 60 dyr til Fjellheimen villreinområde. Kvoten blir tildelt som frie dyr.

08/25 Godkjenning av driftsplan med bestandsplan og forslag til fellingskvote for Nordfjella villreinområde.

Driftsplan med bestandsplan og forslag til fellingskvote vart ettersendt. Villreinutvalet for Nordfjella foreslår ein kvote på 80 dyr (same som i 2024).
Villreinnemnda oppmodar jegerane om å få like gode prøveuttak (CWD) som i fjor.

Vedtak:

Villreinnemnda godkjenner driftsplan med bestandsplan for Nordfjella villreinområde, jf. hjorteviltforskrifta § 27.
Med heimel i hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda ein fellingskvote på 80 dyr til Nordfjella villreinområde. Kvoten blir tildelt som frie dyr, men med oppmoding om å felle bukk 1 ½ år og eldre, med høve til å felle kalv av begge kjønn.

09/25 Status tiltaksplanar, reetablering.

Tiltaksplanen for Nordfjella ligg framleis i KLD, men det er no tillyst folkemøte om planarbeidet i Flåm 9. mai. Arbeidet med reetablering vart det informert om i pressemeldinga frå KLD 26. mars og villreinnemnda oppmodar om deltaking i prosjektgruppe, sjå under orienteringssaker.

10/25 Eventuelt

Møteteknisk: Møtetid onsdag 23. april 3 timar, torsdag 24. april 3 timar. Førebuing 3 timar.

Dag 2. Fagprogram.

Nemnda fekk høyre eit interessant innlegg om besøksforvaltning knytt til Hemsedal kommune v/Hanne Lykkje. Deretter vart det planfaglege i kommunen vist fram på ein god måte av Anders Teigen Bakke i kommunen. Møtet vart avslutta med eit innlegg av reetableringskoordinator Knut Arne Gurigard som fortalde om status i reetableringa, og kva som skjer/bør skje framover. Ein stor takk til dei tre føredragshaldarane !

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Nordfjella villreinutval	Fjordsenteret	5745	AURLAND
Raudafjell villreinutval			
Fjellheimen villreinutval			